

REFERAT FAU MØTE

TID:18.02.21 KL.18.00

STAD: Digitalt møte. På grunn av smittevern valgte FAU å arrangere eit digitalt møte denne gangen.

TILSTADE:

Cathrine Midttveit
Fredrik Mortensen
Charlotte Hjørnevik
Kari Hummelsund
Birgitte Kallestad
Lillian Kausland

TRAFIKKSIKRING RUNDT SKUELN

Det blei gjort ein gjennomgang av dei tiltaka FAU ønsker rundt skulen med tanke på åpningen av den nye barnehagen.

Dette er tiltaka FAU ønsker:

- Gangfelt ved innkjørsel til parkeringsplassen
- Betongkanten ved utkjørsel ved skulen bør endras
- Rutiner for av og påstigning ved skulen. (Ein innkjøring og ein utkjøring)
- Rutiner for av og påstigning ved barnehagen
- Ansatte sin parkering. Dette har blitt bedre etter juleferien. Dei ansatte parkerer no på den bakerste rada på parkeringsplassen, uten dei med elbil, dei parkerer på elbilparkeringen.
- Det trengs fleire parkeringsplasser
- Trase for skispor: I denne perioden der det har lagt snø på turstien rundt skulen så har turstien blitt nytta for å gå på ski, i den forbindelse så mangler det litt på en sammenhengende trase for skigåing. Frå der som turvegen treffer asfaltert gangfelt frå Telavågevegen, opp langs gangfeltet og vidare langs austsida av parkeringsplassen kunne det vore ski-trase. Trase for skispor treng ikkje vera meir enn ein vegskulder som er opparbeida på ein slik måte att det er mogeleg å trakka eit ski spor der når det kjem telefryst underlag. Dette vil tilføre turstien ein ny og god dimensjon.

Alle på møte er enige om att dette er gode forslag og stiller seg bak tiltaka. Me er enige om att dette kan sendast til kommunen v/ Christian Alsaker. Det blir kalla inn til eit nytt møte der Christian blir invitert til å svare på desse forslaga.

I tillegg til desse tiltaka kom det forslag om att det trengs gjerde ein plass på turstien der det er bratt utforbi løypa. Her kan barn lett kjøre utforbi t.d. på sykkel eller ski.

INNSPEL TIL RTP VESTLAND FYLKE

- Heilskapelig gang og sykkelfelt Kausland-Glesnes skule
- Busskur ved fylkesveg busstopp til Spiledepollen skule
- Haldeplass ved Bunnpris, mot Telavåg
- Trafikksikringstiltak ved Nolten byggefelt
- Gang og sykkelfelt frå idrettsanlegget på Nipa til Telavåg skule, FV202
- Gang og sykkelfelt fra Glesnes kai til Glesnes skule, FV201

Me er enige om att dette er gode forslag. Forslaga må sendast til RTP før 1.mars.

Det kom i tillegg eit innspel om att barna som kommer gående fra Spilda klager på att dei ikkje høyrer biler som kommer når dei skal krysse vegen. Biler kommer i stor fart og det anses som farlig å krysse veien. Det blir diskutert kva som kan vera tiltak her. Gangfelt eller fartsdump.

ÅRSHJULET TIL FAU

I år er det vanskelig å gjennomføre oppsatte aktivitetar pga corona. Me blir enige om å ta opp årshjulet til neste år. Me reknar med att skulen gjer oss beskjed om det er ting FAU skal bidra med i forbindelse med arrangement.

LITT INFO

-Status FAU konto. Det står no 52000kr på konto. Det blei brukt i underkant av 1700kr på fruktkorg til lærerene før jul. Andre utgifter er betalingsgebyr og månedlig kostnader 44,50 kr.

-Det vart kalla inn til møte, men dette blei avlyst på grunn av smittevern. Der er oppretta ei Facebook gruppe for 17.mai komiteen der det blir lagt ut informasjon. Det er 3,6 og 7. års stega som er i komiteen. Kommunen har vort ute i media og sagt att dei mest sannsynlig legger opp til samme type feiring som i fjor.

-Leirskule for 7.klasse er i år avlyst. Klassekontaktene jobber med å finne andre løysningar.

- Det vil bli oppretta ei facebook/messenger gruppe for FAU som kan brukast til korte beskjeder.

Neste møte blir 20.04.21

Referent, Cathrine Midttveit